



## REFERAT – KOMMUNEREFORM

### Telefonmøte Smia/Volda

26.11.2018 kl. 09:00

#### Til stades:

Rune Sjurgard, Rådmann/prosjektleder

Ann Kristin Langeland, Rådmann

Asbjørn Moltudal, ass. rådmann

Hovudtillitsvalt Delta, Norunn Helene Holmøy-Wang

Hovudtillitsvalt Fagforbundet, Oddbjørg Yksnøy Rangsæter

Joakim Rødven (referent)

#### Agenda:

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<p><b>1. Rolle og møtefrekvens framover</b></p> <p>Prosjektet går no inn ei fase der i sektororganiseringane har tyngda. Det betyr at den fasen prosjektet er inne i no går meir inn i tenestelinjene som ligg under den nye leiargruppa.</p> <p>Nokre område vil naturleg nok ikkje kome innunder leiargruppa, som til dømes saker som er relaterte til fylkesgrenser, helseføretak, m.m.</p> <p>Prosjektet får ein litt annan form framover, ettersom ein går meir over til drift av den nye kommunen, og ein del av ansvaret som den administrative styringsgruppa har hatt tidlegare går over til leiargruppa. Både på grunn av eit minkande tal på saker som skal opp i styringsgruppa, samt ein pressa kapasitet for å få tid til fysiske møter, føreslår prosjektledaren at møta i denne gruppa vert avvikla over telefon framover.</p> <p>Styringsgruppa var samde om at dette var ein fornuftig disponering av tid, og gjekk inn for å avtale møte måndagane i veka før møta i Fellesnemnda, slik at ein får sett på saker som skal opp i Fellesnemnda i god tid før innkalling til møta.</p>	

Aktivitet 2. Saker til fellesnemnda til neste møte	Ansvarleg oppfølging
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Møteplan</li> <li>• Budsjett</li> <li>• Skyggebudsjett</li> <li>• Uttale til budsjett (Volda)</li> <li>• Uttale til budsjett (Hornindal)</li> <li>• Prosjektorganisasjon om velferdsteknologi</li> <li>• Samarbeid på Søre Sunnmøre om brannteneste</li> <li>• Fase 1 – Grafisk profil (orientering)</li> </ul>	<p style="text-align: center;">JR KMS KMS/BS KMS KMS SBR AM JR</p>

Aktivitet 3. Orientering status	Ansvarleg oppfølging
<p>Prosjektleiaren orienterte om at det begynner å bli tunge prosessar inn mot dei nye sektorane. I sektor for samfunnsutvikling vil den nye kommunalsjefen Jarl Martin Møller starte etter nyttår og vil då ta over prosessen innanfor denne sektoren.</p> <p>Fram til eit komplett organisasjonskart er på plass, er prosjektleiaren klar på at det vil vere noko usikkerheit rundt organisering av enkelte tenestefunksjonar i ulike sektorar. Dette ønskjer han også vere open på, og det er vanskeleg å seie noko sikkert før organisasjonskartet er endeleg. Dette vil vonleg vere på plass innan april 2019. Temaet har vore oppe i leiargruppa, og leiargruppa ønskjer å gi så god og ryddig informasjon som mogeleg i denne prosessen.</p> <p>Det er ein stor prosess å få lagt organisasjonskartet, og det er ein god del punkt som må harmonisere (til dømes stillingstittel og plassering i organisasjon etter tariff). Det skal også vere samanheng mellom kva ein krev og kva ein forventar av leiinga, og det er eit stort fokus på at leiarane i den nye kommunen skal ha høveleg leiarkompetanse.</p> <p>Fram mot samanslåingstidspunktet må det også jobbast med harmonisering og utvikling av tenestene; ein må setje mål for 2020.</p> <p>Før nyttår er det også ein del avtalar som skal seiast opp slik at dei opphøyrer seinast 31.12.2019. Dette gjeld kanskje spesielt dei interkommunale avtalane. I Hornindal kommune orienterte Ann Kristin Langeland om at ein reknar med å sende ut ein del oppseiingar av avtalar ganske så raskt.</p> <p>Avslutningsvis ønskte prosjektleiaren å leggje vekt på at ein no inn i det siste året av samanslåingsprosessen er nøyddde å prioritere strengt oppgåver som kan kategoriserast som «Bør/må/kan». Oppgåver som ein <i>må</i> gjere skal prioriterast først, så <i>bør</i>-oppgåver og om ein har tid kan ein utføre <i>kan</i>-oppgåver. Dette for at ein ikkje skal ha for mange ballar i lufta inn i det siste året av samanslåingsprosessen.</p>	

Aktivitet 4. Eventuelt	Ansvarleg oppfølging
<p><b>Eigedomsskatt</b> Det vart reist spørsmål frå Ann Kristin Langeland om ein i Hornindal sitt budsjett burde nemne at Hornindal kommune skal innføre eigedomsskatt frå 2020, jfr. E-post frå Liv Elin Vermundsberget (KS). Det var semje om at ein kan leggje inn eit punkt om at det vert satt inn eigedomsskatt i Hornindal kommune frå 2020, som vil verte eit prinsippvedtak. Det er uansett det kommunestyret for nye Volda kommune som hausten 2019 vedtek budsjettet for den nye felleskommunen for år 2020.</p> <p>Prosjektleiari Rune Sjurgard vil også be økonomisjef Kari Mette Sundgot om å få inn eit punkt for budsjett i nye Volda som omhandlar ressursar til førebuing av innføring av eigedomsskatt.</p> <p><b>Mandat Fellesnemnda</b> På bakgrunn av spørsmålet om eigedomsskatt, reiste prosjektleiaren spørsmål om ein ser behov for å revidere Fellesnemnda sitt mandat, jfr. mail frå Vermundsberg (KS). I tilfelle om eigedomsskatt såg styringsgruppa ikkje grunn til å endre mandatet.</p> <p>Asbjørn følgjer opp om det vil vere nødvendig å gjere endringar av mandat med tanke på krinsendringar for den nye kommunen.</p> <p><b>Omstillingsutval</b> Ann Kristin Langeland reiste spørsmål om ein skulle opprette sektorielle omstillingsutval. Styringsgruppa vart samde om dette vert tatt opp i Leiargruppa og i felles kontaktmøte med hovudtillitsvalde og hovudverneombod.</p>	<p>AKL</p> <p>KMS/BS</p> <p>AM</p> <p>Leiargruppa</p>

**Møtet slutt kl. 09:45**

Volda, 26.11.2018



**Joakim Rødven**  
Kommunikasjonsrådgjevar  
Samfunn og Rådgjeving

Mobil 48229993  
[www.nyevolda.no](http://www.nyevolda.no)